



foto: Torbjørn Olsen, GD

Kringenstøtta

Rett sør for Otta, helt inntil E6, kneiser et massivt monument i kleberstein - 4 meter høyt og 3 meter bredt. Med dagens veitrafikk og begrenset mulighet for å kjøre til side er det snart bare de lokalkjente som legger merke til støtta, eller som kjenner bakgrunnen for minnesmerket.

Av ordfører **Dag Erik Pryhn**

I årene 1611-1613 lå Danmark-Norge i krig med Sverige, som i ettertid bærer navnet Kalmalkrigen etter slaget ved Kalmar i 1611. Sverige kapitulerte i 1613, og Danmark-Norge beholdt sitt hegemoni i Norden og kontrollen med handelen med russerne. Hva har så dette med et kulturminne ved Otta å gjøre?

En svenskekonge på defensiven engasjerte sommeren 1612 en hær på 300-350 skotske leiesoldater.

Skottene med kaptein George Sinclair gikk i land ved Åndalsnes og skulle marsjere opp Romsdalen og ned Gudbrandsdalen for deretter å slutte seg til svenskene sør i Sverige. På kort varsel organiserte bønder i Nord- og Midt-Gudbrandsdalen en hær av frivillige. Bondehæren la seg i skjul i skogen i Kringom – et egnet sted for bakhold. Onsdag 26. august 1612 stod "slaget i Kringom", i følge sagnet utløst av at Guri fra toppen av Selsjordkampen på andre sida av dalføret (i dag Pillarguri-toppen) varslet bondehæren om at skottene var i anmarsj ved å blåse i en neverlur. Bakholdet var vellykket. Skottene ble nedkjempet.

Slaget var i fagmilitær sjargong mer en trefning og en episode enn et regulært slag. Desimeringen av de skotske leiesoldatene hadde lite eller ingen reell innvirkning på krigens gang. Likevel skulle dette bli en hendelse som fikk betydelige ringvirkninger de neste 200-300 årene.

Den danske kongemakta brukte

hendelsen i sin propaganda. Kringen var stoppested for reisende og motiv for datidas dramatiske maleri og tegninger. Med den økende selvstendighetstrangen vokser det fram ulike kulturuttrykk basert på Slaget i Kringom. Den patriotiske sangen "Zinklarvisa" av Edvard Storm ble svært populær og fast innslag i sangbøkene langt framover 1900-tallet. Ungjenta Guri, som det finnes lite eller ingen sikker kunnskap om, ble gradvis meislet ut med et utseende og egenskaper som gjorde henne til den idealiserte kvinneskikkelsen. I brukskunst, folkekultur, fortellertradisjon og ulike typer lagsarbeid dukker henvisninger til Pillarguri, Kringen, Sinclair og skottene opp i mange avskygninger og forgreininger.

Markeringa av 300-årsjubileet i 1912 ble en hendelse av nasjonal betydning med kong Haakon, Gardemusikken og Kristiania-avisene på plass sammen med flere tusen tilskuere. Det var til dette jubileet – sju år etter unionsoppløsninga – at Vågå-kunstneren Kristen Holbø (1869-1953) ble engasjert for å reise et minnesmerke over gudbrandsdølenes seier over skottene. Det var neppe tilfeldig at mye av finansieringa av statuen kom fra det norske miljøet i Amerika, der norskdommen om mulig stod enda sterkere enn hjemme i gamlelandet.

Utover på 1900-tallet ble den nasjonale interessen for folkelige og nasjonsbyggende kulturuttrykkene basert på Slaget i Kringom gradvis mindre. Men lokalt holdt kunnskapen seg ved like. Og da Sel kommune på 1980-tallet skulle velge symbol i kommunevåpenet, ble det til slutt en stilistisk framstilling av Pillarguri som ble valgt.

I 2012 er det tid for å markere 400-årsjubileet. Det forberedende arbeidet har så vidt startet. Dette blir vår anledning til å bringe Kringenstøtta fram i lyset igjen, blant ved å gjennomføre en nødvendig renovering av en viktig del av vår lokale og nasjonale kulturarv.

Når ordfører i Fusa, Hans Vindenes, vart utfordra til å trekka fram eit kulturminne frå heimkommunen, var valget enkelt. Hans Vindenes er sjølv oppvaksen i grenda Vinnes og han har eit spesielt forhold til husmannsplassen på Vinnesholmen.

Tekst og foto: **Erik Vangsnes**



Vinnesholmen

– frå husmannsplass til ferieparadis

I dag er Vinnesholmen friluftsområde. Den gamle husmannsplassen er teken vare på, og staden er ein idyll som både tilreisande og folk i Fusa veit å setja pris på. Staden er presentert i Vegvisaren til Norsk Kulturarv. For ordføreren i Fusa handlar dette likevel om mykje meir enn kulturvern, gamle bygningar og fin natur. Vinnesholmen er også eit minnesmerke over ein levemåte og dei menneska som budde her.

I Vinnesholmen har det vore eit lite småbruk sidan tidleg på 1800-talet. I 1930 fekk husmannsfamilien kjøpa bruket. I 1965 vart det bygd molo som gjorde holmen landfast.

I Hans Vindenes sin barndom var det litt mystikk kring folket i Vinnesholmen. Dei levde avsondra frå livet i bygda. Dei var å sjå på krambua som låg like over sundet eller bunadskledde 17. mai. Elisa Henriette Foss (1903-1983) overtok bruket etter foreldra. På folkemunne gjekk ho berre for Liso. Ho var gift to gonger, men fekk ikkje born. Det

var fattigslege kår i Vinnesholmen både for husmenn og sjølveigarar. Det var smått med pengar og lite å berga seg på. Ei ku, eitt ungdyr, ein liten flokk med sauer, nokre høns og ein gris var ikkje myke å leva av. Liso var vel det ein kan kalla ein bygdeoriginal. Det går mange historier etter henne.

Det er eit stort paradoks når ein tenker på det tøffe livet folket i Vinnesholmen levde og situasjonen i dag. Nå er Vinnesholmen ein svært verdifull eigedom som knapt kan målast i pengar. Liso testamenterte eigedomen til Fusa kommune i 1972, som overtok eigedomen etter hennar død i 1983. Etter nokre år der husa var ute av bruk, kom det eit lokalt initiativ frå bygda for å skapa ny aktivitet. I 1990 vart det skipa ei lokal stifting som tok på seg å drifta eigedomen mot å få disponera inntektene frå utleige. I starten på store restaureringsarbeid fekk Stiftinga Vinnesholmen nytta godt av kommunale sysselsettingstiltak og byggeleing frå Prosjekt Vestkyst – eit fylkeskommunalt kulturminneprosjekt.

Det gamle tunet er blitt teke vare på gjennom filosofien vern gjennom bruk. Sidan 1991 har staden vore leigd ut til sommargjester på vekebasis. I dag er det lange ventelister og null utgifter til marknadsføring. Trass i enkel standard kjem sommargjestene att år etter år. I tillegg til å ansvare for tunet driftar stiftinga også friluftsområdet. Holmen har eit fint kulturlandskap og lokale bønder har hatt sauer gåande på beite store deler av året for å halda attgroinga i sjakk.

Hans Vindenes meiner dette er eit godt døme på korleis kulturminnevernet kan fungera i praksis. Det er eit stort engasjement i bygda for å ta vare på Vinnesholmen, og det vert lagt ned ein vesentleg dugnadsinnsats frå styret i stiftinga. På det viset får ein mykje ut av kronene ein får i tilskot og som inntekt frå utleige. For Fusa er Vinnesholmen ei solskinshistorie, sjølv om livet her hadde sine skuggesider.

Kjelde: Heilt andre tider, Band 1, Fusa kommune 2003